

# Planprogram for kommuneplanen sin arealdel

Vedtatt i Stord kommunestyre 21. juni 2022

## 1. Innleiing og føremålet med planarbeidet

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument for korleis kommunen skal vera, korleis innbyggjarane skal ha det i kommunen og korleis me skal skape den kommunen me ynskjer oss. Kommuneplanen består av to delar, ein samfunnsdel med mål og strategiar som fortel i kva for retning me vil at samfunnet skal utvikla seg, og ein arealdel som viser kva me kan byggje kor i kommunen og kva areal som ikkje skal byggjast ut.

Gjeldande kommuneplan er frå 2011. Revisjon av kommuneplanen vart starta opp ved vedtak av planprogram i juni 2019. Samfunnsdelen vart fremja for andregongshandsaming og vedtak i kommunestyret juni 2022. Føremålet med å rullere arealdelen er å få eit styringsverktøy for arealforvaltninga som er i tråd med målsetjingane og strategiane i overordna samfunnsdel og sikrar areal for vidare utvikling og velferd i kommunen.

## 2. Planprogram

Som grunnlag for planarbeid skal det utarbeidast planprogram. Stord kommunestyre vedtok planprogram for kommuneplanen 20.06.2019. Som føresett i planprogrammet vart det byrja med samfunnsdelen, og revidert planprogram for arealdelen blir handsama i samband med handsaming av samfunnsdelen.

Det reviderte planprogrammet skal vera grunnlag for planarbeidet med arealdelen. Det er eit viktig verktøy for å gjera planlegginga målretta og føreseieleg, og sikra medverknad for alle interessentar og mynde. Planprogrammet skal blant anna gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 11-13, jf. § 4-1.

## 3. Kommuneplanen sin arealdel

Det er kommuneplanen sin arealdel som fastsett arealbruken med juridisk bindande verknad. Arealdelen skal leggest til grunn for reguleringsplanlegging og handsaming av byggesaker.

## 4. Føringer for planarbeidet

Planarbeidet med arealdelen skal skje i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, rundskriv og anna regleverk. Arealdelen skal følgje nasjonale, regionale og kommunale føringer, inkludert kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategien. Arealstrategien frå samfunnsdelen er inkludert i dette planprogrammet. FNs berekraftsmål

- På same måte som samfunnsdelen, skal arealdelen byggje på FN sine berekraftsmål og dei tre dimensjonane i berekraftsomgrepet:
- Økologisk berekraft – ei utvikling innanfor det planeten toler og som reduserer tap av naturmangfald
- Sosial berekraft - handlar om deltaking, likeverd og ei utvikling som byggjer på samhald, tillit og demografi.

- Økonomisk berekraft - handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelastning, samt rettferdig og anstendig arbeidsliv
- a. Nasjonale og regionale føringar

Regjeringa la i mai 2019 fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Statlege planretningslinjer konkretiserer dei nasjonale forventingane til planlegginga og markerer nasjonal politikk på viktige område:

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrka barn og unge sine interesser i planlegginga (1995)

Fylkeskommunen har prioritert plantema som dei følgjer opp i kommunal planlegging, og har vedteke regionale planar for fleire temaområde. Planane er retningsgjevande for kommunal planlegging og verksemd, og har ikkje bindande verknad på kommunal arealplanlegging utover der dette følgjer direkte av planføresegnene. Retningslinjer i regionale planar kan likevel vera grunnlag for motsegn frå statlege eller regionale myndigheiter.

Følgjande regionale planar er særskilt relevante for kommuneplanarbeidet:

- Utviklingsplan for Vestland 2020–2024. Regional planstrategi
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026)
- Regional plan for folkehelse –Fleire gode leveår for alle- 2014-2025

#### b. Kommunale føringar

Arealdelen skal utarbeidast i samsvar kommunale føringar, og det skal vere samanheng mellom arealdelen og andre kommunale planar, pågåande prosessar, strategiarbeid og prosjekt i kommunen.

I punkta under er det ei gjennomgang av dei viktigaste kommunale føringane. I tillegg må det i arbeidet med planen vurderast om og i tilfelle kva føringar som eventuelt ligg i vedtekne planar og strategiar.

##### i) «Saman om utvikling og velferd»

Stord kommune sin kultur- og verdiplakat er ein formell erklæring om korleis me ønskjer å ha det i kommunen, og er retningsgjevande for å utvikle ein overordna felles identitet og byggje kommunen sitt omdøme med felles visjon, verdiar og handlingsprinsipp. På

same måte som i samfunnsdelen skal dei fire verdiane open, nyskapande, respektfull og brukarorientert vera ein vegvisar for handlingar og haldingar.

## ii) Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen er kommunen sin utviklingsstrategi. Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følge opp mål og strategiar som blir vedtatt der. Denne koplinga er viktig for å sikre at den langsiktige arealpolitikken blir sett i samanheng med utviklinga på andre områder i samfunnet.

### Satsingsområde:

Samfunnsdelen peikar på **tre satsingsområde** for komande planperiode, desse vil vera utgangspunkt for arealdelen:

- **Styrka regionsenter for Sunnhordland** betyr at Stord skal vere pådrivar for regional samhandling og utvikling i Sunnhordland
- **Grøn by** handlar om å vere ein føregangskommune i det grønne skiftet og nå målet om å vere eit attraktivt nullutsleppssamfunn i 2030
- **Inkluderande fellesskap** handlar om korleis me kan leggje til rette lokalsamfunna våre slik at me som innbyggjarar trivest og lever gode og trygge liv.

Felles for desse satsingsområda er at arealplanlegging og arealforvaltning er viktige verkemiddel for å nå måla i samfunnsdelen.

**Stord skal ha bustader som sikrar at alle bur trygt og godt**  
Buområda skal ha eit differensiert bustadtilbod og leggjast til rette med sosiale møteplassar og auka grad av fellesskapsløysingar

**Stord er nullutsleppskommune innan 2030**  
Stord kommune skal verta ein nullutsleppskommune. Innsatsområde for kommunen som organisasjon skal vere eksisterande bygningsmasse og anlegg, fornybare energikjelder og krav i samband med offentleg innkjøp

**Leirvik med Heiane skal vere eit sterkt regionsenter**  
Stord skal ha ein senterstruktur som fremjar livskvalitet og gode kvardagsliv, robust næringsliv og miljøvenleg transport

*Senternivå:*  
Regionsenter: Leirvik med Heiane  
Kommunesenter: Leirvik  
Lokalsenter: Sagvåg  
*Nærsenter:* Hystad/Rommetveit, Huglo

**Stord kommune har årlig folketalsauke på 1 prosent**  
Stord skal vidareutviklast og profilerast for vidare vekst og utvikling.

**Sunnhordland har eit mangfaldig og konkurransedyktig næringsliv**  
Stord kommune skal medverka til å få på plass naudsynt infrastruktur og eit trygt og seriøst arbeidsliv for alle. Det skal vere enkelt og attraktivt å etablere verksemd på Stord.

**Stord har berekraftige lokalsamfunn som legg til rette for likeverd, fellesskap og aktivitet**  
Alle som bur i kommunen skal ha moglegheit til å ta gode val for helse si, og ta del i samfunnet på ein likeverdig måte

**Stord sine natur- og kulturverdiar er sikra for framtidige generasjonar**  
Stord skal auka gjenbruk og fortetting av areal som alt er utsett for menneskelege inngrep og i hovudsak unngå å ta i bruk ubygde areal.

**Stord skal ha god samfunnstryggleik**  
Kommunen skal gjennom målretta arbeid førebyggje uønska hendingar og ha ein beredskap som kan redusere skadeverknadane og ivareta innbyggjarane dersom ei uønskt hending skjer. Beredskapsmessige omsyn skal ligge til grunn for all verksemd i kommunen

### Arealstrategien:

#### Arealstrategi

Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Den gir hovudprinsipp for kommunen sin arealforvaltning. Stord skal veksa og tilby gode kvardagsliv for innbyggjarane og gode vilkår for næringslivet. Samstundes skal arealpolitikken sikra på natur- og kulturverdiar til komande generasjonar. Dette skal ein oppnå ved fortetting og effektiv bruk av utbyggingsareal. Beredskapsmessige omsyn skal leggjast til grunn for all arealforvaltning.

### Strategiske grep

Arealstrategien er bygd opp kring fire hovudtema; grøn by, senterstruktur, bustad og næring. Dei strategiske grepa er til dels gjensidig avhengige. Til dømes vil det å styre utviklinga mot fortetting og transformasjon vere med på å nå målet om jordvern og redusere nedbygging av urørt natur. Konsentrert bustadbygging vil medverka til å oppnå målet om nullutslepp i 2030.

Transformasjon betyr å endre allereie utbygde område. Transformasjon betyr omdanning, omforming eller endring av eksisterande bygningar og areal til nye funksjonar og betre arealutnytting. Transformasjon er ein strategi for å gi eldre, tomme bygningar og areal nytt liv. Fortetting betyr å byggje på ledige, ubygde areal. Dyrka mark skal ikkje omdisponerast til andre føremål.

### Grøn by

Stord har mål om å vere ein nullutsleppskommune i høve klimagassutslepp i 2030. Arealplanen skal leggje til rette for at dette målet kan oppnåast. I samband med utarbeiding av arealdelen må det derfor utgreiast kva for handlingsrom ein har til å utforme føresegner som set klima- og energikrav, og kva for konsekvensar slike tiltak vil ha.

Eit sentralt virkemiddel vil vera å unngå nedbygging av større samanhengande natur- og friluftsområde. Arealdelen skal derfor byggje på at dagens E39 definerer markagrensa mot Landåsen.

- Større samanhengande natur- og friluftsområde og attverande grønne lunger i utbygde område skal ikkje byggjast ned. Dette gjeld også for område som tidlegare har vore avsette til leike- og friområde. Viktige kulturlandskap og landbruksområde skal ikkje byggjast ned.
- Utbygde areal skal vurderast for fortetting og eventuelt transformasjon. Utbygde areal skal vurderast i fortetting, forgrønning og eventuelt transformasjon. Vurdera å verna og sikra grøntområde og kulturlandskap også i tettbygde område.
- Det skal leggjast til rette for fellesskapsløysingar
- Det skal leggjast til rette for at fleire kan sykle og gå til daglege gjeremål.
- Det skal setjast av areal til etablering av stamveg for sykkel og mikromobilitet på strekninga frå Rommetveit (HVL) til Sagvåg via sjukehuset, Leirvik, Vabakkjen og Heiane med vidare påkopling av store arbeidsplassområde som Aslaksvikjo og Eldløyane.
- Sentra skal utviklast med samla parkeringsløysingar og god tilrettelegging for sykkel og gange og bruk av kollektivtransport.
- Før ein legg til rette for utbygging av urørt areal, skal alternative areal vurderast og ein skal kartleggje om arealbruken bidreg til måloppnåing i høve samfunnsdelen av kommuneplanen.

### Senterstruktur

Leirvik er kommunesenteret i Stord. Regionsenteret vert definert med utgangspunkt i Leirvik, men også Heiane vert omfatta av regionsenterdefinisjonen, Sagvåg er lokalsenter, Hystad/Rommetveit og Huglo nærsenter.

Kommune- og regionsenter Leirvik skal vidareutviklast som eit levande og attraktivt senter. Publikumsretta handels- og servicenæring skal lokaliserast her, i tillegg til at arbeidsplassintensive private og offentlege verksemder, som til dømes kontorlokaltetar, skal etablerast i eller i nærleiken til Leirvik sentrum.

Heiane skal utviklast som eit regionalt område for arealkrevjande handel og næringsverksemd, der aktørar som har trong for større areal kan etablere seg.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er viktig for å unngå nedbygging av viktige natur- og kulturområde, men også for å kunne legge til rette for gode velfungerande bustad- og næringsområde og for effektiv drift av kommunale tenester. Ein føresetnad for dette arbeidet er å etablere ein senterstruktur som gir tydelege føringar for kor det skal byggjast og kva som kan etablerast kor.

- Sentera skal bygge vidare på lokal identitet og historie
- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport og i hovudsak utviklast innanfor gang-/sykkelavstand
- Areal til bustad, handel og næring i og nær dei ulike sentera skal ha utnytting i samsvar med senterstrukturen. Utnyttingsgraden skal vere høgast i kommunesenteret.
- Det skal leggjast vekt på å skape møteplassar og uteareal som kan nyttast for alle aldersgrupper
- Sentera skal utviklast etter prinsippa om universell utforming og i tråd med anbefalingar om Aldersvenlege lokalsamfunn
- God tilgang for ålmenta til rekreasjonsområde, strandsone, naturopplevingar og liknande.
- Offentleg og privat tenesteyting og detaljhandel skal etablerast innanfor senterstrukturen. Nye næringsområde skal byggje opp om senterstrukturen.
- Arbeidsplassintensiv næring og offentleg verksemd (t.d. kontor, sjukeheim) skal knytast opp mot senterstruktur, primært i kommunesenteret

#### *Bustadområde*

Arealdelen frå 2011 har ein svært stor arealreserve for bustader. Ubygde areal må i revidert plan vurderast opp mot målsetjingane i ny samfunnsdel.

Det skal vere eit mål å legge til rette for etablering av fleire rimelege bustader i gode bumiljø i senterområda og tett på skule- og idrettsanlegg. Bustadbygging skal i hovudsak skje innanfor senteromlandet, men avstand til skule- og idrettsanlegg skal også tilleggjast vekt.

Kommunen har ei stor overvekt av einebustader. Av folketalsframskrivingar ser me at det vil skje ei dreining i alderssamansetninga i kommunen, med langt fleire eldre. Samstundes viser framskrivingar at hushalda framover vil bestå av færre personar og fleire vil leva åleine. Arealplanen skal leggje til rette for utbygging av fleire mindre husvære og nye buformer med auka grad av fellesløysingar.

Kommuneplanen sin arealdel skal dimensjonerast ut i frå 1 prosent årleg folketalsvekst, for 20 år fram i tid og i snitt 2 personar per bu-eining.

I samband med arealplanen skal det utarbeidast ein geografisk fordelingsnøkkel som viser kor mange nye bustader som kan etablerast i dei ulike delane av kommunen i denne planperioden. Det må takast omsyn til mellom anna skulestruktur og ulik infrastruktur i gjeldande planar som det er ønskjeleg å vidareføre.

Viktige kriterium som skal leggjast til grunn ved vurdering av eksisterande og eventuelle nye bustadareal:

- Bustadreserven skal dimensjonerast ut frå geografisk fordelingsnøkkel
- Bustadbygging skal i all hovudsak skje innanfor område definert som senteromland. Utstrekning av senterområde, senteromland grad av arealutnytting innanfor desse sonene skal definerast i arealdelen.
- Ny utbygging skal orienterast kring eksisterande infrastruktur (veg, vatn avløp, straum, fiber osv)

- Avstand til skule- og idrettsanlegg skal også tilleggjast vekt
- Tilkomstvegar til ny bustadutbygging skal støtte krava til universell utforming
- Potensiale for fortetting og transformasjon skal utnyttast
- Grøne lungar i utbygde område skal ikkje byggjast ned
- Det skal leggjast vekt på eit meir differensiert bustadtilbod, både når det gjeld utforming og pris
- Det skal leggjast vekt på sambruk og fellesskapsløysingar
- Det skal utviklast kvalitetskrav i samband med opparbeiding av felles uteopphaldsareal
- Det skal vera nær tilgang på tilrettelagte tur- eller aktivitetsområde
- Det skal i allereie utbygde strandsone vurderast å leggja til rette for attraktive sjønære bustader der ein samstundes tek i vare allmenta sin tilgang til sjøen
- Det skal leggjast til rette for sjønære bustad- og hytteområde på Huglo

### Næring

Samfunnsplanen med langsiktig arealstrategi inneber verdival og avvegingar av motstridande omsyn. Det skal leggjast til rette for folkeauke og vekst samstundes som arealpolitikken skal ta vare på mellom anna naturmangfald, kulturmiljø, friluftsområde og dyrka jord.

Samfunnsplanen legg til grunn ei utvikling i Stord som fremjer fortetting, tettstadutvikling og som gjer det enklare å leve miljøvenleg. Samstundes er det viktig for kommunen å leggja til rette for ny næring, berekraftig utnytting av naturressursane og moglegheiter for utviding av eksisterande verksemder. I arealplanen skal følgjande kriterium leggjast til grunn for næringsutvikling:

- Eksisterande og nye næringsområde skal ha god arealutnytting og ivareta omsynet til estetikk og grønstruktur
- Sambruk og samlokalisering skal vektleggjast
- Det skal sikrast tilstrekkelege og eigna areal til eksisterande næring og nyetableringar
- Nye næringsareal bør knytast opp mot eksisterande hovudvegnett eller korridorar for framtidig vegnett
- Næringsareal i/nær senter skal nyttast i samsvar med definert senterstruktur
- Det skal vurderast nye og utviding av eksisterande område for sjøtilknytt næring/industri
- Potensielle område for akvakultur bør identifiserast
- Innanfor kjerneområde for landbruk skal omsynet til landbruk prioriterast
- Det skal vurderast å etablere eit samanhengande næringsareal frå Tømmervika til Heiane Sør.
- Tilgangen på kraft må vera del av vurderinga av nytt/utviding av eksisterande næringsareal. Om naudsynt må det lagast strategiar for å sikra tilstrekkeleg tilgang på kraft.
- Det skal leggjast til rette for nytt næringsareal på Huglo.
- Området rundt flyplassen (heile Sørstokken) skal vurderast som transformasjonsområde til næring og industri.
- Ytre molo på Leirvik skal leggst inn i arealplanen, og det skal leggjast til rette for samanhengande utvikling av området frå eksisterande molo, langs sjøen og ut til Sponavikneset.

iii) Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Alle kommunar skal i samsvar med Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 gjennom føre ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse. Stord og Fitjar kommune reviderte felles ROS-analyse i 2022. den overordna ROS-analysen dannar eit rammeverk som skal leggest til grunn for kommuneplanen sin arealdel og den konkrete ROS-analysen som skal gjennomførast her.

ROS-analysen er ei grov kartlegging av moglege risikofaktorar basert på kommunen sine akseptkriterium. Område med fare, risiko eller sårbarheit blir avmerka i planen med omsynssone (jamfør pbl. § 11-8)

## 5. Sentrale plan- og utgreiingstema i planarbeidet

### a. Innleiing

I dette kapittelet vil det bli gitt ei oversikt over kunnskapsgrunnlag, tema, problemstillingar og behov for utgreiing. Det vil i løpet av planarbeidet bli vurdert om det behov å sjå nærare på eller utgreia andre tema.

### b. Kort oversikt over eksisterande kunnskapsgrunnlag

I samsvar med planprogrammet (2019) er det i samband med utarbeiding av ny samfunnsdel utarbeida fagnotat for åtte hovudtema; klima, miljø og samfunnstryggleik, næringsutvikling, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, levande senter, helse, trivsel og oppvekst, aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane, gode kommunale tenester, og regionalisering og samhandling. Det er i tillegg utarbeida eit notat om den demografiske utviklinga, ein delanalyse for bustad, og ein delanalyse som tek føre seg kva for næringar som har behov for kva type areal, om behovet er dekka i Stord kommune og kva for næringar det bør tilretteleggjast for med særskilt nytt areal. Dokumenta inneheld også gjennomgang og vurdering av eksisterande kunnskapsgrunnlag. Det vil bli vurdert, særleg i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet, om det vil vera behov for ytterlegare oppgradering av kunnskapsgrunnlaget. Dette kan m.a. vera aktuelt for temaområde naturtypar (t.d. boreonemoral regnskog).

Det ligg også føre kunnskapsgrunnlag frå tidlegare og parallelle prosessar. T.d. er handelsanalyse og kommunedelplan for kultur under utarbeiding, og det er utført analyser og utgreiingar i samband med kommunedelplan for overvatn som er under utarbeiding.

Planutkast for kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø vart handsama i kommunestyret 17.02.2022. I planarbeidet vart det blant anna utarbeid stadanalyse for Gruveområdet på Litlabø og rapport om samferdsel og mobilitet i Sagvåg sentrum. Kommunestyret vedtok ikkje planen. I vedtaket kjem det fram at kommunestyret meiner det er gjort mykje godt arbeid med planen, og legg til grunn at dette vert brukt som underlag til arealdelen av den kommande kommuneplanen.

### c. Strandsone

I samband med kommuneplanarbeidet (2011) vart det gjennomført ei kartlegging av den funksjonelle strandsona i kommunen. Dette la grunnlaget for registrering av

omsynssone i strandsona og for definering av ny byggjegrænse mot sjø. Endra og presisert lovverk samt reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona medfører at det er trøng for ei revidert kartlegging av den funksjonelle strandsona. Stord kommune er no plassert permanent i sone 3, og det er behov for å utgreie korleis Stord kan nytte seg av det handlingsrommet som retningslinjene gir, herunder også kva for prinsipp som skal nyttast ved fastsetjing av byggjegrænse og kvar byggjegrænse konkret skal setjast på plankartet. Kommunal og distriktsdepartementet har utarbeidd ein digital 3D-modell som kan hjelpe kommunen å planlegge og forvalte strandsona.

-

#### d. Fortetting av bustadområde og definering av grad av arealutnytting

Gjeldande kommuneplan legg opp til ei generell fortetting («eplehagefortetting») av bustadområda. Dette er lite føreseieleg, og praksis viser at ein i liten grad tek omsyn til teknisk infrastruktur ved fortetting i bustadområde. Det bør difor gjennomførast ei fortettingsanalyse som legg grunnlag for definering av soner av bustadområde der ein kan opne for fortetting. Kommunal og Moderniseringsdepartementet sin Veileder for fortettingsanalyser i knutepunktsområder skal leggjast til grunn for arbeidet.

Det er vidare trøng for å definere grad av arealutnytting i kommunen. Kva er høg arealutnytting for bustadområde i Stord kommune? Arealutnyttinga bør også differensierast i høve sentralitet i kommunen.

#### e. Fordelingsnøkkel

I samsvar med arealstrategien skal det utarbeidast ein geografisk fordelingsnøkkel som viser kor mange nye bustader som kan etablerast i dei ulike delane av kommunen i denne planperioden. Det må takast omsyn til mellom anna skulestruktur og ulik infrastruktur i gjeldande planar som det er ønskjeleg å vidareføre.

#### f. Senterutstrekning og senteromland

Senterstruktur er eit av hovudtema i arealstrategien, og det er behov for å definere senterutstrekning og senteromland.

#### g. Uterom

Inkluderande fellesskap er eit av satsingsområda frå samfunnsdelen. Tiltak for å nå målet er blant anna å etablere leikeareal, møteplassar og felles uterom som fremjar inkludering og sosiale fellesskap. I arealstrategien er det slått fast at det skal leggjast vekt på å skape møteplassar og uteareal som kan nyttast for alle aldersgrupper, og at det skal utviklast kvalitetskrav i samband med opparbeiding av felles uteopphaldsareal. På denne bakgrunn skal det utarbeidast eit regelverk / norm som skal gjelda for leikeareal, utomhusareal og møteplassar.

Det må vurderast korleis ein skal regulera plassering av salsboder i offentlege og private uterom.

#### h. Parkering



Det vil bli utarbeida reviderte parkeringskrav som skal leggjast til grunn i arbeidet med arealdelen (føresegnene) og framtidig planlegging. Gjeldande føresegner set krav om minimumsbehov for parkeringsplassar for ulike typar kjøretøy/ transportmiddel ved ny utbygging. Desse må evaluerast i lys av tettare utbygging, auka satsing på sykkel, mikromobilitet og gange, kollektivtransport og redusert biltransport. Ev. overgang til maksimumsnorm bør vurderast, samt tilrettelegging for frikjøpsordning.

#### i. Vegnorm

I samsvar med planprogrammet (2019) skal det utarbeidast vegnorm.

Å ha eit velfungerande vegnett er viktig for å nå måla i samfunnsdelen. Vegnorma skal blant anna sikra at omsyn til miljø, trafikksikring og framkomme for alle blir ivareteke, t.d. ved bruk av frisktsonar. Vegnorma skal sikra føreseielege krav til veginfrastruktur ved utarbeiding av reguleringsplanar, og at krava som skal dekkjast før kommunen overtek infrastruktur opparbeid av private, er klåre og føreseielege.

#### j. Naturfare

Deler av kommunen ligg under maringrense. Det er behov for å kartlegge faresoner for kvikkleireskred. Kartlegginga vil utgjera grunnlag for eventuelle aktsemd soner, og bli lagt til grunn i arbeidet med arealdelen og framtidig planlegging. I tillegg vil den kunna vera grunnlag for sikringstiltak og visa eventuelle behov for overvaking.

#### k. Reguleringsplanar

I kommunen er det nærare 270 gjeldande reguleringsplanar. I arbeidet med arealdelen må desse vurderast i høve til kva planar som skal gjelda vidare uendra, kva planar som skal opphevast og kva planar som skal gjelde saman med kommuneplanen. Reguleringsplanane bør vurderast med omsyn til om dei er tilstrekkeleg oppdaterte i tråd med nasjonale og regionale interesser, og om dei er i konflikt med samfunnsplanen med arealstrategien. I tillegg skal naturfare alltid avklarast på siste plannivå, og det kan vera andre potensielle farar som frå før av ikkje er utgreia i tilstrekkeleg. Eldre reguleringsplanar, som anten ikkje har føresegner som er tilpassa dagens situasjon eller har fått tilleggsføresegner i gjeldande kommuneplanen (2010-2021) bør vurderast oppheva. Det bør også bli sett på i kor stor grad planane allereie er realiserte, og om det er vedteke mindre eller større reguleringsendringar og dispensasjonar frå planane som utholder reguleringsplanane som styringsverktøy, det må også leggjast vekt på om dei let seg digitalisera. Det er eit omfattande arbeid å gå gjennom reguleringsplanane.

#### l. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

For å sikra at det blir tatt omsyn til miljø og samfunn i planarbeidet skal det gjennomførast konsekvensutgreiing i samsvar med plan og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiinga skal omfatta dei delane av planen som set rammer for framtidig utbygging og inneber endring av gjeldande kommuneplanar, skildra kva verknader utbygging av nye område eller vesentleg endring av arealbruken i utbygde område kan få for miljø og samfunn, og korleis det samsvarar med arealstrategien. Tema:

- Utvikling: Senterstruktur, næring og bustad
- Omsyn: Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv, landskap, urørt areal, strandsone, naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø/kulturlandskap, skog og jordbruk
- Klima, miljø, forureining
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
- Teknisk og sosial infrastruktur
- Barn og unge
- Folkehelse (kommunen sine folkehelsemål)

Det skal gjerast ei vurdering av dei samla arealføremålsendingane i planen, og korleis planforslaget bidreg til å nå måla i samfunnsdelen. I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing blir konsekvensutgreiinga avgrensa til å gjere greie for kva verknader planen kan få på eit overordna nivå.

Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i samsvar med anerkjent metodikk og bli utført av personar med relevant fagleg kompetanse. I hovudsak skal metodikken som er skildra i rettleiar T1493 Konsekvensutredninger og kommuneplanens arealdel nyttast. Konsekvensutgreiing av ny arealbruk skal i bygge på eksisterande kunnskap om miljø og samfunnsforhold, etter kvart som ny kunnskap blir tilgjengeleg skal denne supplera eller eventuelt erstatta eksisterande kunnskapsgrunnlag.

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 skal det gjennomførast risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for all arealbruksending.

#### m. Plankart

Oppbygginga av det juridisk bindande plankartet til kommuneplanen sin arealdel er eit omfattande og ressurskrevjande arbeid. I arbeidet med plankartet vil det bli vurdert kva måte som er best eigna til å visa kartet på, t.d. i høve til detaljgrad.

#### n. Føresegner

Føresegner seier kva som er tillat på areala i plankartet. Føresegnene i arealdelen legg rammene for utbyggingsområde i kommunen, og blir følgt opp i reguleringsplanar og byggesakar. Planprogrammet (2019) stadfestar det er naudsynd med ei større omlegging.

I samsvar med arealstrategien skal det utgreiast kva for handlingsrom ein har til å utforme føresegner som set klima- og energikrav, og kva for konsekvensar slike tiltak vil ha.

### 6. Organisering av arbeidet, kommunikasjon, medverknad, arealinnspel og framdrift

#### a. Organisering av arbeidet

Arbeidet skal organiserast i samsvar med planprogrammet (2019). Rådmannen set ned ei tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe, gruppa skal halda formannskapet orientert om planarbeidet undervegs. I tillegg vil ulike tema/omstende bli lagt fram for handsaming i formannskapet undervegs, dette skal sikra ein oversiktleig prosess, og gje grunnlag for retning og vekt i planarbeidet. Innbyggjarpanelet skal fortsetja å følgja arbeidet.

#### b. Kommunikasjon

For å sikra at planarbeidet er føreseieleg, og for å sikra medverknad for alle interesser, er det viktig at kommunen sin nettstad har oppdatert informasjon om prosessen og korleis innbyggjarane kan medverka og komma med innspel.

### c. Medverknad

Medverknad vil bli gjennomført i samsvar med Strategi for brukarmedverknad i planlegging og utvikling av Stord kommune sine tenester.

Planprogrammet (2019) sine føresetnader om at arbeidet med kommuneplanen må organiserast slik at prosessane blir effektive, samstundes som det blir sett av naudsynt tid til medverknad og forankring blir lagt til grunn for arbeidet med arealdelen. Tidleg involvering av innbyggjarar og relevante aktørar er viktig for forankring av planen og for at planen skal samsvara med innbyggjarane sine behov. Det skal leggjast til rette for likeverdig deltaking for alle aktørar i heile planprosessen. Grupper som er vanskelege å nå, som barn og unge, skal ha særskilt merksemd.

Medverknad i høve til revidert planprogram:

Utkast til revidert planprogram vil bli lagt til offentleg ettersyn og høyring samstundes med utkast til samfunnsdelen. Det vil bli gjennomført ein medverknadsprosessen for samfunnsdelen, innkomne innspel som også er aktuelle for planprogrammet vil bli vurdert. I høyringsperioden vil det vera gode høve til å komme med merknader.

Medverknad i høve til arealdelen:

Ulike arena og metodar vil bli nytta for å sikra brei medverknad for planarbeidet med arealplanen. Det vil bli lagt vekt på å få til likeverdig medverknad frå ulike innbyggjargrupper. Følgjande medverknadstiltak er aktuelle:

- Folkemøte/kafé-dialog i ulike delar av kommunen
- Folkekråkk
- Desentraliserte kontordagar
- Møte med foreldreutval
- Gjestebod
- ByLab
- Digitalt innspelsskjema

For å nå barn og ungdom vil det bli samarbeida med barnehagar, skular og ungdomsrådet. Formelle aktørar skal nåast via bransjetilhøyrslar, kontaktpersonar, råd, styre, mv.

ByLab er ein lett tilgjengeleg midlertidig møteplass for presentasjon, dialog, innspel og diskusjonar.

Medverknadsprosessen startar når revidert planprogram er vedtatt.

### d. Arealinnspel

I løpet av hausten 2022 blir det opna for å komme med arealinnspel via eit eige arealinnspelskjema på kommunen sin nettstad. Kommunen ynskjer innspel på alle arealføremål. Desse vil bli førebels vurdert ut frå arealstrategiane i ein prosess med konsekvensutgreiing av fordelar og ulemper knytt til kommunen sin ønska samfunnsutvikling.

Arealinnspela bør innehalde fylgjande informasjon:

- Det aktuelle arealet skal identifiserast med kartutsnitt, gards- og bruksnummer eller adresse
- Det skal gjerast greie for ønska endring, føremål og omfang
- Det bør gjerast greie for aktuelle tema som teknisk og sosial infrastruktur, landskap, strandsone, nærmiljø, naturmangfald, grønstruktur og friluftsliv, kulturmiljø/kulturminne, skog og jordbruk, støy- og luftforureining, barn og unges interesser, og naturfare.
- Det bør gjerast greie for korleis arealinnspelet bidrar til å nå måla i samfunnsdelen og arealstrategien

I løpet av perioden arbeidet med rullering av kommuneplanen har pågått, er det komme fleire arealinnspele. Innsendarane av desse vil bli kontakta med eit standardbrev med informasjon om prosessen og oppmoda om å oppdatere innspelet med ønska informasjon via bruk av arealinnspeleskjemaet. Det same gjeld dei som fremja arealinnspele til kommunedelplanen i Sagvåg og Litlabø.

#### e. Framdrift

Utkast til revidert planprogram skal på høyring og offentleg ettersyn, frist for merknader skal vera minst seks veker. Større endringar i samfunnsdelen kan få konsekvensar for planprogrammet for arealdelen. Ei stram framdrift tilseier førstegongshandsaming våren 2024.

<b>Tema</b>	<b>Periode</b>
Planprogram	21.06.2022
Medverknad og innsamling av arealinnspele	Haut 2022
Førstegongshandsaming	Vår 2024